



Betre internett-dekning må til i hamneområdet. No er sendaren plassert i huset på Sandakaien, som no om dagen er prega av brislingfisket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Betre internett-dekning av heile hamneområdet og fleire leikeapparat er to av ønskemåla som gjestene i båthamnane i Uskedalen kjem med i spørjeundersøkjinga som no er avslutta.

Sterkare sendar eller ein meir sentral plassering av sendaren er trulig internett-løysinga. No er sendaren plassert på Sandakaien.



Fleire leikeapparat er eit ønsjemaal frå båtfolket. Dette er sandkassa til båtlaget. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då resultat av spørjeundersøkinga vart lagt fram på eit ope møte i Gamleskulen onsdag var møtedeltakarane samstemte om at undersøkinga bør gjentakast og forbeholdt neste år. Då bør til dømes også Rabben Feriesenter koma med medan det stort sett berre er gjestane i båthaamnane som har vore med denne gongen. -Vi skal ikkje kopiera Husnes og Rosendal, men finna vår eigen "stil", heldt prosjektleiar Kristian Bringedal fram. Tor Edward Taranger tykte at plasseringa på tredjeplassen i tevlinga Årets Båthavn var svært tilfredsstillande på bakgrunn av dei manglar som Uskedalen trass i alt har.

Med omsyn til leikeapparat vart det peika på dei store kostnadane og eit forslag frå Bringedal om å skilte frå båthamnane og campingplassen til uteområdet ved oppvekstsenteret og tilbodet der vart anbefalt.

63 prosent av båtgestane ligg i to-tre dagar og Reidar Myklebust meinte at dette er normalt.

Elin Enes trudde at det er gjestar som hoppar over Uskedalen når dei er undervegs frå Husnes til Rosendal og at Uskedalen har mista litt trafikk til den nye hamna i Rosendal denne sommaren.

Taranger peika på at Husnes har faste gjesteplassar, medan Uskedalen ikkje har noko klart definert gjestehamn men stillar ledige plassar til disposisjon.

Når det gjeld elva har naturleg nok ikkje så mange fiskarar svara og her har elveeigarlaget ein jobb å gjera, streka Bringedal under.

Med omsyn til nettsida sa Birger Myklebust at det bør koma ei påminning i hamnane. At 52 av svararane har vore innom nettsida er trass i alt eit godt resultat på bakgrunn av den geografiske spreinga av gjestane, meinte fleire.

Ellers har Kvinnheradmagasinet til Sigurd Vikøren vore ein verdfull informasjonsressurs denne sommaren, understreka Bringedal.

Syklar har vore trukke fram som eit aktuelt aktivitetstilbod også i Uskedalen, men berre ein gjest har vore innom dette. Enes minte om at mange har sykkel med seg og Torfinn Myklebust viste til at han er viktigare på Husnes – for å nå sentrum. Audun Eik minte om at eit sykkelopplegg krev administrasjon.

Nokre få har klaga på døgnprisen 150 kroner, men Taranger peika på at han er lik i alle hamnane og heller ikkje Enes tykte at prisen er høg. Magne Huglen var einig og peika på at det gjerne bur 4-5 personar i ein båt og at prisen også skal dekkja straum..

Fleire svararar har berømma hamnevert Egil Høgemark i Øyro sterkt for god serviceinnsats og møtedeltakarane slutta seg fullt ut til rosen.

Bente Nilsen peika på at mange spør etter turkart og Kjell Yri streka under at Uskedalen er godt representert i

det nye og fristande turtilbodet på internett. Nilsen kommenterte også ønsket om gratis rundstykker, men var redd for at dette kunne verka diskriminerande for dei som ikkje får. Birger Myklebust anbefalte innkjøp av ein eller to vaskemaskinar til.

Huglen konkluderte slik for sin del:

-Eg har også hatt ganske mange overnattingar denne sesongen og alle er imponerte over den flotte bygda vår. Vi ligg ikkje tilbake for dei andre bygdene i Kvinnherad på noko felt.

Bente Nilsen: -Vi har lært mykje gjennom denne undersøkjinga og neste år må vi visa at vi har gjort noko for å bli enda flinkare.

Av Ola Matti Mathisen